



Notat

Dato: 23.08.2017
Arkivsak: 2016/34595-35
Saksbehandlar: eirkniv

Til: Utval for kultur, idrett og regional utvikling

Frå: Fylkesrådmannen

Program sikringsseminar 2017 i Hordaland

I møte for Utval for kultur, idrett og regional utvikling 22.03.2017 vart det etterspurt kva tiltak som vert gjort for dei kommunane som ikkje er medlem av friluftsråd og som sjeldan eller aldri søker om statleg sikring av friluftsområde.

20.10.2017 skal Vestkystparken i samarbeid og Hordaland fylkeskommune arrangere eit sikringsseminar for kommunane i Hordaland. Seminaret vert arrangert i Norheimsund, Kvam herad. Sikringsseminar er eit direkte tiltak for å auke tal og kvalitet på sikringssøknadar frå kommunane i Hordaland, med ekstra fokus på dei kommunane som ikkje er medlem av eit friluftsråd. Program er lagt ved.